

# Referat fra Regionstyremøte

4. mars kl. 08.15 – kl. 15.00, møterom Stølen, Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes

---

**Møtte:** Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Gerd Nanti Vika Helle, Erik Ringnes frå kl. 08.45, Jostein Aanestad (adm. repr.)  
Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.)

## Meldt forfall:

Stein Tronsmoen  
Haldor Ødegård  
Espen Køhn (adm. repr.), ikkje møtt

## Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent.

## Saker under eventuelt:

- 1) Høgskule i Valdres
- 2) Domstolkommisjon, høyring
- 3) Avisabonement

## Referat:

Jørand Ødegård Lunde

## Alle vedtak var samrøystes

## Dagsorden var:

Kl. 08.15 - 09.00	Møtestart og nytt frå Rådmannsutvalet v/ rådmann Jostein Aanestad - Møte med Fylkesmannens leiargruppe på velferdsområdet - Skuleskyssordning i Innlandet fylkeskommune
Kl. 09.15 - 10.00	<a href="#">Jotunheimen travel</a> , orientering frå selskapet
Kl. 10.00 – 11.00	<a href="#">Mountains of Norway</a> orientering v/Ida Ask Om selskapet Om matsatsinga
Kl. 11.00	Lunsj
Kl. 12.00	Team ski v /Vegard Kjøs Egge
Kl. 12.15	Styremøte held fram
Kl. 14.00	Orientering frå Valdres folkemuseum ved styreleiar Jan Arild Berg og direktør Ole Aastad Bråten om lekasjar i taket på kontorbygget ved museet

## Saker drøfta:

- 8. mai 2020  
Det er einigheit om at ulike lokale arrangement passast inn i eit felles opplegg for Valdres. Det blir eit vidare planleggingsmøte om arrangementet den 16. mars der regionrådsleiar Linda Mæhlum Robøle og Marit Hougsrud deltek.
- Tilbod frå Telenor om analyser av mobilbruk i Valdres, sjå referatsaker. Dagleg leiar i VNK sonderer opp mot Brann og redning og andre samarbeidspartar på om korleis ein kan bygge eit spleiselag for felles innkjøp av desse tenestene.

## Orienteringar:

1. Orienteringar frå rådmannsutvalet v/ Jostein Aanestad:
  - a. Brann og redning får stadig meir arbeid knytt til oppgåver for helse og politi, noko som er teke vidare nasjonalt gjennom KS.
  - b. Valdres arbeidssenter, det vil bli sett i gang eit arbeid for å klargjere retningslinene.
  - c. Rådmenne skal ha handlingsprogrammet til VNK som tema på sitt neste møte (13. mars).
  - d. Representantskapsmøta i IKSa blir lagt til 8. juni.
  - e. Vertskommuneordningane, RU vil ha ein gjennomgang av desse i vår.
  - f. IKT Valdres har starta strategiarbeid m.a. knytta opp mot KS sitt digitaliseringsarbeid.
  - g. Valdresmusea(VM), oppfølging av vedtak i regionstyret.
  - h. Møte med Fylkesmannen si leiargruppe på velferdsområdet. RU føl opp saka og melder attende til Fylkesmannen. Aktuell møtedag 16. juni.
  - i. Skuleskyssordninga, høyring frå fylkeskommunen, kommunane ser på dette, det er viktig å få til ei samla tilbakemelding på dette. Holden held fram at dette er våre «fergeprisar» <https://prod.elementscloud.no/eInnsyn.InnlandetFK/DmbHandling/Details/194?sourceDatabase>
2. [Jotunheimen travel](#) Filip Sprott og Helge Kvame orienterte om satsinga.
3. [Mountains of Norway](#) Eirik Høyme Rogn orienterte om selskapet og om matsatsinga til selskapet. Muntains of Norway er salskanalen til reiselivet i Valdres.
4. International Grüne Woche (IGW), jfr referatsaker
5. Breiband 2019-2021, jfr utsendte notat. Jostein Annestad orienterte om valet av tilbydar og prosessen vidare no.
6. Team ski v / Vegard Kjøs Egge orienterte om sitt arbeid med skitalent innanfor langrenn og skiskyting. Tilbodet gjer at unge talent får eit tilbod i Valdres som gjer at desse talenta kan bli buande her.
7. Orientering frå Valdres folkemuseum ved styreleiar Jan Arild Berg og direktør Ole Aastad Bråten om lekkasjar i taket på kontorbygget ved museet:  
Om forsikringsdekning og taklekkasje: museets tilnærming til forsikringsselskapet har vore: Etter synfaring på Valdres Folkemuseum fredag 21. februar fekk takstmann Ole Jonny Kalstad frå Takst Innlandet i oppdrag å ringe museet sitt forsikringsselskap KLP og orientere om den oppståtte lekkasjen. Det vart i den samtalen orientert om skadetidspunkt og dei forhold som var kjente på skadetidspunktet. Blant anna vart det orientert om korleis veret hadde vore før skaden vart kjent (helga 15.–16. og måndag 17. februar var det mildt, mykje nedbør og sterk vind). Det vart av takstmann Kalstad karakterisert som «ekstremver».

Kontaktpersonen i forsikringsselskapet redegjorde munnleg for at slike typar skadar som skuldast: utett tak og skade ved gradvis inntrenging av vatn var unnateke i forsikringsdekning. Vidare vart administrasjonen ved Valdresmusea bedt om å sende en skriftlag henvending til forsikringsselskapet, samt sende takstrapport for vurdering og skriftlig vedtak frå KLP. Saman med e-post-korrespondansen som vises i denne redegjeringsa det synast òg til forsikringsavtala punkt 6.2.1.

Valdres Folkemuseum AS sitt formål er å være eigar og driver av bygningsmessige anlegg og samlingar som er på Valdres Folkemuseums område. Valdres Folkemuseum leiger ut sine bygningar og anlegg til Valdresmusea AS som betaler leige (husleige) til Valdres Folkemuseum. Husleiga frå Valdresmusea er den einaste inntektskjelda til Valdres Folkemuseum. Valdres Folkemuseum har elles motteke nokre arv/gåvemidlar de seinare år. Valdres Folkemuseum set ikkje av til framtidig bygnads-vedlikehald, då selskapet ikkje har lov til å kostnadsføre framtidige kostnader til vedlikehald eller påkostnad. Overskot av drift setjast av i sin heilheit til annan eigenkapital. I følge siste avlagte rekneskap (2018) hadde Valdres Folkemuseum AS ein fri eigenkapital på kr. 1.349.969,- Selskapets frie eigenkapital står på bankkonto i DnB.

Regionstyret bad om at styret handsama saka så snøgt som råd for å avgrense skadane.

### Saker til handsama:

- RS 9-/-20 Protokoll
- RS 10-/-20 Referatsaker
- RS 11-/-20 Jordbruksforhandlingane 2020 – innspel frå Regionstyret
- RS 12-/-20 Festivaltilskott 2020
- RS 13-/-20 Merkevareavtaler 2020
- RS 14-/-20 Årsmelding og rekneskap 2019
- RS 15-/-20 Eventuelt
  - 1) Høgskule i Valdres
  - 2) Domstolkommisjon, høyring
  - 3) Avisabbonement

### RS 9-/-20 Protokoll

#### Forslag til vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27. jan. 2020.

#### Vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27. jan. 2020.

### RS 10-/-20 Referatsaker

#### Framlegg til vedtak:

Regionstyret tek referatsakene til etterretning

#### Handsaming:

Regionstyret diskuterte Innlandet fylkeskommune si satsing på **Dagsturhytter** i alle kommunar <https://innlandetfylke.no/nyheter-forsiden/dagsturhytter-i-alle-kommuner.19039.aspx> Region Valdres er nett ferdige med å bygge 6 gapahukar eller varmebuer ved sine løyper og stigar, i tillegg har me mange buer tilknytta løypalag, fjellstyrer og DNT. Regionstyret har nytta Sparebankstiftelsen DNB i finansiering av fleire av tiltaka. For Valdresregion er det meir hensiktsmessig å handtere dette lokalt og Valdres håpar at den fylkeskommunale satsinga ikkje hindrar Valdres i å søke finansiering av våre prioriterte tiltak både i spelemiddelordninga og hjå Sparebankstiftelsen DNB.

#### Vedtak:

Regionstyret tek referatsakene til etterretning og ber om at det blir sendt eit brev til Innlandet fylkeskommune om dagsturhyttesatsinga.

## **RS 11-/-20 Jordbruksforhandlingane 2020 – innspel frå Regionstyret**

### **Forsag til vedtak:**

Regionstyret vedtar å oversende vedlagte brev til partene i jordbruksforhandlingene

### **Handsaming:**

Regionstyret foreslo nokre mindre endringar samt eit tillegg om Løken som kompetansesenter for fjellandbruket.

### **Vedtak:**

Regionstyret vedtar å oversende brevet med dei endringane som kom fram i møtet til partene i jordbruksforhandlingene

## **RS 12-/-20 Festivaltilskott 2020**

### **Forslag til vedtak:**

Styret støtter innstillingen til fordeling av festivalstøtte

### **Vedtak:**

Styret støtter innstillingen til fordeling av festivalstøtte

## **RS 13-/-20 Merkeavtaler 2020**

### **Forslag til vedtak:**

Styret støtter forslaget til fordeling av midler til samarbeidsavtaler innen merkevarebygging i Valdres, og lar administrasjonen disponere restbeløpet på kr 55 000,- til utviklingstiltak innen kultur og merkevare.

### **Vedtak :**

Styret støtter forslaget til fordeling av midler til samarbeidsavtaler innen merkevarebygging i Valdres, og lar administrasjonen disponere restbeløpet på kr 55 000,- til utviklingstiltak innen kultur og merkevare.

## **RS 14-/-20 Årsmelding og rekneskap 2019**

### **Forslag til vedtak:**

1. Regionstyret godkjenner Valdres Natur- og Kulturpark sitt regnskap for 2019 og årsmelding for 2019.
2. Regionstyret vedtek å legge kr. 2 353,- til bunde fond til Valdres friluftsråd i VNK og kr. 480 002,- til disposisjonsfondet VNK.

### **Vedtak:**

1. Regionstyret godkjenner Valdres Natur- og Kulturpark sitt regnskap for 2019 og årsmelding for 2019.
2. Regionstyret vedtek å legge kr. 2 353,- til bunde fond til Valdres friluftsråd i VNK og kr. 480 002,- til disposisjonsfondet VNK.

## **RS 15-/-20 Eventuelt**

1) **Høgskule i Valdres**, Marit Hougsrud som er medlem av styringsgruppa orienterte om at kartleggingsarbeidet er i gang og at finansiering snart er på plass. Styringsgruppa har ikkje hatt eige møte enno.

2) **Domstolkommisjon**, høyring: Regionstyret ynskjer at det blir skriva ei høyring som blir handsama i møtet 20. april. Høyringsfrist er 2. mai.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/domstolstruktur/id2684591/?expand=horingsnotater>

### **3) Avisabonement**

**Konklusjon:** Regionkontoret tingar to nye aviser, Gudbrandsdølen og Hamar Arbeiderblad, regionrådsleiaren får nettilgang til avisane.